



Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet er eit kulturhistorisk museum stifta i 1981 med samlingar i og frå heile Ryfylke, ein region med store variasjonar frå øylandskap i vest til fjord- og fjellandskap i aust. Museet har hovudsete på Sand i Suldal, men dekker òg Sauda, Hjelmeland, Strand, Forsand, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy.

Ryfylkemuseet sitt hovudkontor ligg i Nordenden av Sand sentrum og har ca. 20 tilsette.

Me jobbar med bygningsvern, innsamling, dokumentasjon, forskning, bevaring av samfunnminne, formidling om samanhengar mellom kultur og natur f.eks Kolbeinstveit der vi har vertar heile sommaren, og fotoarkiv med eldre kulturhistoriske foto frå Ryfylke for å nemne noko.

Museet eig 12 mindre båtar og to fartøy. Blant anna jekta «Brødrene af Sand»

Er du interessert i historie, eldre bygg og byggeskikk og korleis det var å leve i Suldal for 100 år sidan?

Me vil tilby deg jobb innanfor Læring i Næring og vera med våre tilsette på ulike arbeidsoppgåver.

Kom på bedriftsbesøk så vil me vise deg kva me jobbar med!

Me vil gjerne ha deg med oss i Læring i Næring.

Bedriftsbesøk og søknadsfrist kjem me tilbake til i god tid før haustferien.

Kontaktperson: Elisabeth Figenschou Elisabeth.Figenschou@ryfylkemuseet.no
Tel: Ryfylkemuseet 52792950

Nettstad: www.ryfylkemuseet.no